

5. Soknerådsmøte 2016 3. mai – Referat

Mat: Ingunn

AU – Arbeidsutvalet for soknerådet. Møter kvar måned ca 1 veke før soknerådsmøtet. Tar unna saker av meir forretningsmessig karakter.

SR – Soknerådet

FR – Klepp kyrkjelege fellesråd

NaMu - Naturlig menighetsutvikling

Sokneråd FOK	Tilstade:	Merknader / Vararepresentant:	Ansvarsområde
Jon Lende	X	Leiar av soknerådet	Representant til fellesrådet
Helen Hetland Mori	X	Nestleiar soknerådet	
Karl Inge Lygre	X		Representant til Stiftelsen . 2. vara til fellesrådet
Torill Brådland	X		Oppfølging av barnearbeidet
Bjørg Mikalsen	X		Oppfølging av ungdomsarbeidet. Representant til fellesrådet
Bjørg Nese	X		1. vara til fellesrådet
Sigbjørn Sørland	X	1. vara møter fast	Representant til Livspust – diakonigruppa.
Stab FOK			
Morgan Fjelde	X	Sokneprest	
Ingunn Matre	X	Dagleg leiar	

	Delerunde og bønn
Sak : 34-16	Godkjenning av innkalling . Godkjent
Sak: 35-16	<p>Godkjenning av referat frå møte 5. april . Referat godkjent med nokre små endringar.</p> <p>Orienteringssaker :</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Orientering frå stab. Vi er svært glade for at Martha Nordbø har takka ja til fast stilling som 50 % barnepastor. Ett-åringen som fekk tilbod takka nei til det, så vi prøver ut ulike veier framover for å finna ein ekstra ressurs. Vi vil prøva ein ny runde med utlysing både på ACTA bibelskule på IMI, og på web i tillegg til å leita lokalt etter nokon som kan være opne for å ta på seg ein ca 20 % stilling. Morgan og Ingunn har vore ei veke på konferanser i USA. Exponential med fokus på vekst i kyrkja og Orange med fokus på barne og ungdomsarbeid. Mykje inspirasjon til vidare arbeid. 2. Givertjenesten i april. 122.100 3. Orientering frå AU . Ingen kommentarer til referat 4. Program for bispevisitas. Geir Ådne Vestvik skal ha eit møte med Njaal Fykse og Tor Inge Kalberg for å foreslå opplegg på kulturkveld torsdag 27.oktober.
Sak : 36 -16.	<p>Fokus på barnearbeidet</p> <p>Barnepastor Martha Nordbø er med på møtet. Torill Brådland er den i soknerådet som har barnearbeidet som fokus-område, men resten av soknerådet vil gjerne få eit godt overblikk over barnearbeidet.</p> <p>Kva har vore mest gledeleg i det siste halve året ?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er fleire som med – har gått frå 30 til ca 40 leiarar. Nå er det fleire team og det er mange i kvart team slik at det ikkje er nødvendig med så mange bytter. • Ferdig med godkjent trusopplæringsplan <p>Kva ser vi fram til å halvåret som kjem ?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Spennande å komma i gang med ulike tiltak i tros-opplæringa • Innredning av romma nede – få på plass eit meir apellerande og funksjonelt inventar / dekor for barn og ungdom • Har tru på tiltaket - Full fart i Orstادهuset nokre søndagar kl 11.00 for 10-13 år – Men treng å gjere dette meir kjent, for det kjem ikkje så mange ennå. • Fokus på å behalda dei som er på veg inn i alderen 10-13 år. Ganske få av dei som er med på Agapao.

- Mange av leiarane i jungelgjengen brenn veldig for at også born av foreldre som ikkje kjem på gudstenesta skal få koma på jungelgjengen. Få ut informasjon om at born er velkomne på jungelgjengen kl 11.00

Utfordringar og behov som soknerådet bør være klar over ?

- Prioritere rett i forhold til stillingsstørrelsen – spesielt i forhold til trusopplæringsplanen. Treng mange når desse tinga skjer. Nye ledere – alltid litt utfordrende å få på plass nye leiarar. Drøyer om at enda fleire kan få sjå kor viktig det er at dei gir tid i ei teneste for born og unge. Enda fleire med engasjement og glød til å gi det lille ekstra for å gi Jesus til borna.
- Hadde vore godt å ha eit inspirasjons/ressurs-team rundt barnearbeidet sidan det kan være tungt å gå i desse utfordringane aleine.
- Viktig å ha ein bevisst haldning til å at trusopplæringa ikkje skal stenga for , men heller komplettera det kontinuerlige barnearbeidet som vi driv.

Muligheter vidare :

- Utfordra på at vi alle tenker på om det finnest ein person vi kan tilby ein ca 20 % stilling som ein ekstra ressurs i barnearbeidet.
- Gode strukturer slik at vi kan følgje opp dei som er i teneste. Korleis kan vi ivareta dei som er i teneste og TAKKE dei .
- Vi har mykje å gå på når det gjeld utrustning av folk i teneste. Vi treng dei vaksne som har tid til å bruke tid regelmessig med borna. Og utrustar borna vidare til teneste.

Som ein del av denne saka vil vi også diskutera behova som SAFARI har spela inn til soknerådet i eit eige brev (vedlagt).

Det har vore ein litt uavklart dei siste åra korleis leiarskapet er. Tidlegare har det vore tettare knytta til ein lønna stilling enn nå. SR ser at SAFARI er eit flott arbeid der det har blitt lagt med mykje innsats over mange år. Det er eit svært viktig arbeid . Det trengs meir fokus på det å følgje opp frivillige, her må sokneråd og stab ta meir ansvar. Mulige tiltak er tettare oppfølging av hovedleiar og være med på leiarssamlingar.

Til hausten er det et team som går vidare. Vi treng fleire ressurser i nokre team. Helen Mori og Alice Asbjørnsen er leiarar til hausten.

	<p>Vedtak :</p> <p>Heller enn å senda brev tilbake ynskjer soknerådet at nokre frå sokneråd /stab er med på oppstartsmøtet i haust. Helen Mori representerer soknerådet. Stab vel ein som vert med på møtet i tillegg.</p> <p>Generelt i alt leiararbeid ynskjer soknerådet ein modell som gjer at kvar leiar vert sett, utrusta og fulgt opp gjennom året.</p>
Sak: 37 -16	<p>Arbeid vidare med verdi og strategidokument</p> <p>Vi vil arbeida vidare med prosessen å setja ord på undernivå for KJENNE- BYGGE – DELE</p> <p>Soknerådet er glad for arbeidet som er gjort så langt. Støttar innspelet om at det det er lettare å hugsa og forstå historiar, så vil gjerne at det skal være vitnesbyrd / historiar frå menneske i kyrkjelyden som eksemplifiserar KJENNE- BYGGE –DELE.</p>
Sak: 38-16	<p>Arbeid med mål for 2016</p> <p>Sjå forarbeid frå AU-møtet.</p> <p>Soknerådet vert bede om å gje innspel på om dette er dei rette måla å fokusera på , og definera dei tydelegare.</p> <p>Ideer på kva som hadde vore nyttige mål å ha fokus på :</p> <p>Kor mykje har du delt vitnesbyrddet ditt ?</p> <p>Kor ofte ber du for menneske som ikkje kjenner Jesus ?</p> <p>Heller telje kor mange i teneste enn kor mange på gudstjeneste ?</p> <p>Vedtak :</p> <p>Vidare prosess er at Morgan og Ingunn arbeider vidare med dette og det opp som sak i AU i veke 22, og at vi kan konkludere desse måla i soknerådet seinast i august slik at dei vert for haust og vår 2016 /17</p>

Sak: 39- 16	<p>Orienteringssak - Gåve på 150.000 mottaken i 2015</p> <p>Kyrkjelyden fekk ei ikkje øyremarka gåve frå ein gjevar som vil være anonym. Det er eit ynskje at pengene ikkje går til rein drift.</p> <p>Staben har diskutert dette noko og vil anbefala at pengane vert brukt til å dekorere / kjøpe utstyr for å gjere romma nede enda meir hensiktsmessige og attraktive for barn og unge</p>
Sak 40-16	<p>Evaluering av samtalegudstenesta</p> <p>Innspel frå Helen med ynskje om å evaluere denne gudstenesta i soknerådet.</p> <p>Spørsmål om Quiz er det heilt rette å bruke mye tid på.</p> <p>Målet for neste år er at konfirmantene er enda meir involvert i gudstenesta og at quiz gjerne kan kuttast ut.</p> <p>Vi har og ein flott mulighet til å være vertskap og nå ut når nye menneske vert invitert og kjem på gudstenesta. Vil oppfordre og dei faste i kyrkjelyden til å prioritera å være til stades på desse gudstenestene (f.eks gudstenester med konfirmantar, Lysvaken , utdeling av 4-årsbok, Skattekiste for 3-åringar med meir) Det er ein tendens til at det er færre av dei faste som plar å gå på desse gudstenestane.</p>